


På lag med  
**framtida.**

Hareid Venstre



VENSTRE

# Med Hareid inn i framtida.



**Venstre vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.**

Hareid kommune har i siste periode hatt ei svært positiv utvikling, og også nokre utfordringar. Vi skal bygge vidare på det positive, og jobbe med dei utfordringane som finns i kommunen. Vi skal halde fram med å levere gode tenester til innbyggjarane i alle ledd, og vi skal ha fokus på god økonomi-styring.

Hareid Venstre sine kandidatar på lista til kommunevalet 2019 er no klare for å gjere Hareid til ein endå betre kommune å bu i. Ein kommune som gir omsorg når du treng det, er ein god stad å vekse opp og legg til rette for nyskaping, nye arbeidsplassar og grøn vekst.

**Vi skal vidare. Røyst Venstre ved kommunevalet i Hareid 2019.**

## Omsorg når du treng det

Vi skal gi god omsorg til dei som treng det - når dei treng det

### **Vi vil:**

- ✓ prioritere gode heimetenester til eldre og funksjonshemma slik at dei som ynskjer det kan bu heime lengst muleg.
- ✓ bygge bustadar til dei med behov for oppfølging.
- ✓ jobbe for eit aktivt dagsenter som kan både vere ein møtestad og ein treningsstad for eldre som bur heime.
- ✓ jobbe for heiltidsstillingar i omsorgsetaten, slik som i dei andre tenestene i kommunen.
- ✓ ta inn lærlingar for rekruttering.
- ✓ styrke folkehelsearbeidet.
- ✓ samordne og utvikle betre tenester innanfor rus og psykiatri

## **Ein god stad å vekse opp**

Hareid kommune skal vere ein god bukommune, ein kommune der både born, ungdom og vaksne finn ein stad å høyre til.

### **Vi vil:**

- ✓ behalde dagens skulestruktur.
- ✓ ha ein barnehage og ein skule som utviklar born og unge utifrå dei føresetnadnar kvar einskild har.
- ✓ samarbeide med ungdomen om å utvikle kommunen vidare til å vere ein god oppvekst-kommune. Ungdomsrådet vert ein viktig samarbeidspart her.
- ✓ ha haldningsskapande program i skulen, og halde fram med samarbeid med politi og andre instansar for å motverke utvikling av negative rus- og kriminalitetsmiljø.
- ✓ starte planlegging av ny ungdomsskule i komande periode.

## **Eit attraktivt sentrum og attraktive krinsar**

I løpet av det første året i komande periode vert både helsehuset med nytt bibliotek, fotballhallen og Parken ferdigstilt. I tillegg er ferdigstilling av miljøgata i Kjøpmannsgata like om hjørnet i haust.

Dette vert viktige, nye møteplassar. I krinsane er det viktig å støtte opp om initiativ til uformelle møteplassar, og jobbe for ledige tomter der folk vil bu.

### **Vi vil:**

- ✓ ivareta heile sentrum som ein levande og triveleg møteplass.
- ✓ ha meirope bibliotek.
- ✓ arbeide aktivt for at Kjøpmannsgata og Parken skal fyllast med liv og røre for alle aldersgrupper.





## Folk i arbeid

Venstre ønskjer at flest mogleg av innvandrarane og asylsøkjarane i kommunen skal kome raskt i arbeid og raskt bli ein del av bygdemiljøet.

### Vi vil:

- ✓ jobbe for å etablere ein små-jobbsentral, ha fokus på jobb-trening og uformelle møteplassar for dei som kjem, gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar.

## Klima og miljø

Klimaplanen til Hareid kommune må rullerast i inneverande periode.

### Vi vil:

- ✓ at kommunen kjøper elbilar når nye bilar skal kjøpast inn.
- ✓ at alle nybygg skal vere klimanøytrale, og gamle bygg skal oppgraderast så godt som råd for å bruke minst mogleg straum.
- ✓ ta vare på artsmangfaldet i kommunen, og verne om urørt natur.
- ✓ seie nei til vindkraft i naturen.

## Det frivilige Hareid

I Hareid står dugnadsånda sterkt, og det blir lagt ned mange tusen dugnadstimar i dei frivillige organisasjonane gjennom året. Dette må vi ivareta, og støtte opp om, når dei frivillige treng det.

### Vi vil:

- ✓ samarbeide med frivillige organisasjonar i Hareid for å skape eit godt liv for dei som bur i kommunen.
- ✓ støtte initiativ for bygging av eit fleirbruksrom (kulturhus) i sentrum - i samarbeid mellom næringsliv, private og Hareid kommune, med løvving frå kommunen til bygging og drift.
- ✓ støtte dei viktige kultur-institusjonane vi har i kommunen.
- ✓ jobbe saman med Ishavsmuseet Aarvak for eit nasjonalt dokumentasjonssenter for selfangst.

## Ei kommune i vekst

Hareid kommune treng nye bustadfelt i alle krinsar, og vi skal ha ein aktiv bustadpolitikk.

### Vi vil:


- ✓ aktivt arbeide for å realisere nye bustadfelt i kommunal regi. Slike felt skal gjennomarbeidast og sikrast ei gjennomføring til sjølvkost.
- ✓ ha ei aktiv og konstruktiv holdning for å innby og hjelpe private aktørar til å utvikle nye bustadfelt i privat regi.
- ✓ ha ein proaktiv profil og vere "framoverlente" på planarbeidet for å sikre gode og langsiktige kommuneplanar.
- ✓ strekke oss langt for gode løysingar.

## På lag med næringslivet

Næringslivet i Hareid er ein viktig bærebjelke i kommunen. Vi må ta vare på - og legge til rette for vidare vekst i næringslivet.

### Vi vil:

- ✓ ha ein aktiv dialog med eksisterande næringsliv i kommunen for å sikre at næringslivet har så gode rammevilkår som kommunen kan tilrettelegge for.
- ✓ ha ei aktiv og oppsøkande rolle mot potensielle nyetablerarar.
- ✓ satse vidare på "Vekst i Hareid"-prosjektet saman med Møre og Romsdal Fylke og Hareid Næringsforum.





„Omsorg når  
du treng det.

**Annika Brandal**  
Ordførarkandidat

# Annika Brandal

## Ordførarkandidat

**Hareid kommune skal vere ein god bukommune, og vi må halde fram med det gode arbeidet og vidareutvikle kommunen.**

Vi har gode tenester i kommunen vår, samtidig som vi har nokre utfordringar. Vi må ta vare på dei gode tenestene og våre flotte tilsette, samtidig som vi tør å satse på kommunen, slik at vi kan få nye arbeidsplassar, nye innbyggjarar og ein endå betre kommune.

Eg og Venstre brenn for å ta Hareid vidare inn i framtida - som ein vekstkommune som er i stand til å ta vare på både barn, unge og eldre. Vi er klare for innsats.

**Annika Brandal**  
Venstre sin ordførarkandidat

[facebook.com/annika.brandal](https://facebook.com/annika.brandal)

Annika Brandal  
Født 1981, gift og bur i Brandal Folkevald sidan 2003  
Jobbar som kulturkonsulent i Ulstein kommune



**Pål Farstad**

Fylkesordførarkandidat

**Annika Brandal**

## På lag med framtida og på lag med Hareid.

- ✓ Møre og Romsdal Venstre seier nei til vindmøller i sårbare og konfliktfylte naturområde og ivaretar det lokale sjølvstyret. Hareid Venstre seier nei til vindmøller på Hareidlandet.
- ✓ Jobbe for å gradvis senke prisen for ungdomskortet, utvide aldersgrensa til 25 år og jobbe for å gjere studentkortet sonefritt
- ✓ Arbeide for eit meir berekraftig reiseliv ved å støtte opp om tiltak, infrastruktur og prosjekt som bidreg til sesongforlenging og spreier veksten

## Møre og Romsdal Venstre sine topp 15 kandidatar:

1. **Pål Farstad**, Kristiansund
2. **Britt Giske Andersen**, Giske
3. **Frode Heimen**, Molde
4. **Lena Landsverk Sande**, Vanylven
5. **Håvard Urkedal**, UV/Ålesund
6. **Rita Rognskog**, Aukra
7. **Ragnhild Helseth**, Kristiansund
8. **Kari Grindvik**, Ålesund
9. **Roald Røsand**, Averøy
10. **Martin Kjøpstad**, Vestnes
11. **Berit Lyngstad**, Ulstein
12. **Kjell Johan Vatne**, Molde
13. **Tove Norøm Rokstad**, Smøla
14. **Steinar Husby**, Sunndal
15. **Amalie R. Birkhol**, UV/Stranda

For programmet og heile lista til Møre og Romsdal Venstre, sjå [venstre.no/more-og-romsdal](http://venstre.no/more-og-romsdal)

# Venstre sine kandidatar i Hareid.



## 1. Annika Brandal (1981)

frå Brandal, har vore lokalpolitikar sidan 2003, og stiller som Venstre sin ordførarkandidat i 2019. Annika brenn for born og unge sine oppvekstvilkår, reint miljø og å sjå mulighetene i Hareid.



## 2. Jenny Helen Korsnes (1979)

bur i Hjørungavåg, utdanna vernepleiar og arbeider til dagleg i Hareid kommune. Jenny har vore med i Levekårutvalet og Komunestyret 2015–2019.



## 3. Ann-Christin Bonde Helliksen (1968)

bur på Hareid og jobbar til dagleg som barnehagekonsulent i Ulstein kommune. Oppvekst, omsorg og livsfasepolitikk er hjartesaker for Ann-Christin.



## 4. Odd Erling N. Eriksen (1978)

Bur på Hareid, og som småbarnsfar er han spesielt opptatt av oppvekstvilkåra i kommunen. Jobbar som ingeniør på Kongsberg AS, avd Hjørungavåg.



## 5. Thor Ove R. Nedrelied (1983)

Bur på Hjørungavåg, dagleg leiar og eigar av Total-Bygg As. Utdanna statsautorisert revisor, med erfaring hovudsakleg frå større bygg- og anleggssprosjekt.

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

[www.venstre.no/hareid](http://www.venstre.no/hareid)

## 6. John Frode Kvam

(f. 1983), Bigset

## 7. Julianne Flø

(f. 1982), Bigset

## 8. Torstein Nytn

(f. 1978), Bigset

## 9. Ola Leiv Grimstad

(f. 1943), Bigset

## 10. Ann-Helen G. Worren

(f. 1971), Hareid

## 11. Elisabeth Warpe

(f. 1973), Hareid

## 12. Kjell Alme

(f. 1967), Hjørungavåg

## 13. Anne Vasstrand

(f. 1968), Hjørungavåg

## 14. Kjell Brandal

(f. 1948), Brandal

## 15. Vigdis Bigset

(f. 1953), Bigset

## 16. Sven-Aslak Veiseth

(f. 1981), Brandal

## 17. Eva Britt Grimstad Jørانli

(f. 1952), Hareid

## 18. Odd Elvanes

(f. 1956), Hareid

## 19. Einar Warholm

(f. 1958), Hjørungavåg

## 20. Åse Kristensen Pilskog

(f. 1963), Hjørungavåg

## 21. Greta Kirkebø

(f. 1942), Brandal



VENSTRE